

Kort om
**SPRÅK-
LOVA §**

Reglar for
statsorgan

**Språklova tok til å gjelde
1. januar 2022. Lova gjeld for
alle offentlege organ: sentrale
og regionale statsorgan,
fylkeskommunar og kommunar.**



Utgjevar:
Språkrådet 2022

Design og illustrasjon: Anagram Design
Trykk: Kai Hansen Trykkeri

Innhald

Kva plikter har statsorgana?	6
Bruk klart språk	8
Bruk både nynorsk og bokmål	10
Særskilde reglar for sentrale statsorgan	12
Særskilde reglar for regionale statsorgan	14
Kva seier språklova om andre språk enn norsk?	16

Kva plikter har statsorgana?



Norsk er forvaltningspråket i Noreg. Statsorgan skal bruke, utvikle og styrkje norsk. Det vil seie at dei skal bruke norsk som hovudspråk, og at dei skal

- bruke klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa
- følgje dei offisielle rettskrivingsreglane
- bruke både bokmål og nynorsk

Er det lov å bruke engelsk i staten?

Det er ikkje noko direkte forbod mot å bruke engelsk i staten. Men forvaltningspråket i Noreg er norsk, og bruk av berre engelsk i allment tilgjengeleg informasjon (t.d. saker som er på høyring) og digitale løysingar er ikkje i tråd med den vedtekne språkpolitikken. Statsorgan skal ikkje gjere noko som fører til at norsk språk blir fortrent av engelsk på noko fagområde eller samfunnsområde.

Bruk klart språk

Statsorgan skal bruke eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa. Plikta gjeld både publikumsretta informasjon og informasjon til enkeltpersonar.

Les meir om klart språk på klarspråk.no.

Følg rettskrivingsreglane

Statsorgan skal følgje offisielle rettskrivingsreglar, også når statlege namn skal lagast eller endrast. Dei offisielle rettskrivingsreglane er reglar for korleis ord skal skrivast og bøyast. Rettskrivingsreglane omfattar òg reglar for teiknsetjing og for bruk av store og små bokstavar.

Les meir om rettskriving og teiknsetjing på språkrådet.no.



Statlege namn

Statsorgan skal ha namn på norsk. Om det ikkje er mogleg å finne eit namn som fungerer på begge skriftspråka, skal det lagast eitt namn på bokmål og eitt på nynorsk. Når statlege namn skal lagast eller endrast, skal Språkrådet rettleie statsorgana om skrivemåte og namneskikk. Statsorgan bør ta kontakt med Språkrådet tidleg i arbeidet.

Kravet om namn på både bokmål og nynorsk gjeld òg regionale avdelingar, seksjonar, nemnder, utval og andre organisatoriske einingar under statsorgan.

Språkrådet fører tilsyn med etterleving av regelen om statlege namn.

Les om retningslinjer for fastsetjing av statlege namn på språkrådet.no.

Bruk både nynorsk og bokmål

I Noreg har vi to jamstilte skriftspråk: bokmål og nynorsk. Språklova seier korleis statsorgan skal bruke dei to skriftspråka. Her er dei viktigaste reglane.

Alle statsorgan skal

- kommunisere skriftleg med privatpersonar på det skriftspråket privatpersonane sjølve bruker
- kommunisere skriftleg med fylkeskommunar og kommunar på det skriftspråket som kommunane og fylkeskommunane har vedteke at dei skal bruke (anten nynorsk eller bokmål)
- gje ut dokument som er meinte til bruk i skulen, på både bokmål og nynorsk samtidig

Skriftleg kommunikasjon med privatpersonar

Skriftleg kommunikasjon kan vere brev, e-post eller chattetenester. Om ein privatperson skriv til eit statsorgan på nynorsk, skal statsorganet svare på nynorsk. Om ein privatperson skriv til eit statsorgan på bokmål, skal statsorganet svare på bokmål.

Skriftleg kommunikasjon mellom statsorgan og kommunale og fylkeskommunale organ

Når statlege organ kommuniserer med ein kommune eller fylkeskommune, må dei bruke det skriftspråket som kommunen eller fylkeskommunen har vedteke etter § 11 i lova: anten nynorsk eller bokmål.

Nokre kommunar og fylkeskommunar er språkleg nøytrale. Då kan statsorgana velje om dei vil bruke bokmål eller nynorsk i kommunikasjonen.

Ei fullstendig oversikt over språkvedtak i kommunar og fylkeskommunar finst på spraklov.no.

I tillegg finst det reglar som berre gjeld for sentrale statsorgan, og reglar som berre gjeld for regionale statsorgan.

Særskilde reglar for sentrale statsorgan

Sentrale statsorgan skal

- sørge for at det er minst 25 % av kvart skriftspråk i allment tilgjengelege dokument
- sørge for at skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar finst samstundes på både nynorsk og bokmål (parallellutgåver)



Allment tilgjengelege dokument

«Allment tilgjengelege dokument» er til dømes nettsidetekst, pressemeldingar, stillingslysingar og tekstar i sosiale medium.

Minst 25 % av kvart skriftspråk

«Minst 25 % av kvart skriftspråk» vil for mange statsorgan i praksis seie minst 25 % nynorsk.

Skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar

Eit døme på skjema er søknad om politiattest. Eit døme på digital sjølvbeteningsløysing er skattemelding.

Alle skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar skal finnast på både bokmål og nynorsk. Innhaldet i dei to versjonane skal vere likt, og versjonane skal liggje føre til same tid.

Når statlege organ kjøper inn digitale løysingar og produkt frå leverandørar, bør dei krevje at løysingane eller produkta skal fungere på begge skriftspråka.


Særskilde reglar for regionale statsorgan

Regionale statsorgan skal bruke det som er fleirtalsspråket (anten bokmål eller nynorsk) i det området som organet dekkjer. Finst det ikkje noko fleirtalsspråk i området, er organet språkleg nøytralt.

- Dersom fleirtalsspråket er nynorsk, skal organet bruke nynorsk i allment tilgjengelege dokument.
- Dersom fleirtalsspråket er bokmål, skal organet bruke bokmål i allment tilgjengelege dokument.
- Dersom organet er språkleg nøytralt, skal organet veksle mellom dei to skriftspråka etter reglane i språklova § 13.

Regionale statsorgan

Regionale statsorgan er statsorgan som dekkjer mindre enn heile landet. Eit regionalt statsorgan kan til dømes vere ein statsforvaltar, eit helseføretak eller ei regional avdeling av eit sentralt statsorgan (som skattekontor, politi mfl.).



Språkrådet fører tilsyn med etterleving av reglane om bruk av bokmål og nynorsk.

Les meir om bruk av bokmål og nynorsk på spraklov.no

Kva seier språklova om andre språk enn norsk?



Språklova omfattar ikkje berre norsk, men òg samiske språk, norsk teiknspråk og nasjonale minoritetsspråk.

Samiske språk

Dei samiske språka (nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk) er urfolksspråk i Noreg. Dei er likeverdige med og jamstilte med norsk. Statsorgan skal bruke, utvikle og styrkje dei samiske språka etter reglane i **samelova**.

Nasjonale minoritetsspråk

Kvensk, romani og romaner er dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg. Statsorgan skal verne og fremje dei nasjonale minoritetsspråka. Det vil seie at dei mellom anna skal

- verne dei nasjonale minoritetsspråka mot offentleg diskriminering
- arbeide for at dei nasjonale minoritetsspråka skal brukast meir

Les meir om dei nasjonale minoritetsspråka på spraklov.no.

Norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg. Statsorgan skal verne og fremje norsk teiknspråk. Det vil seie at dei mellom anna skal


- verne norsk teiknspråk mot offentleg diskriminering
- arbeide for at norsk teiknspråk skal brukast meir

Les meir om norsk teiknspråk på spraklov.no.

Skandinaviske språk

Statsorgan skal ta imot skriftlege og munnlege førespurnader på svensk og dansk, men dei kan svare på norsk.

Les meir om bruk av skandinaviske språk på spraklov.no.



Utfyllende informasjon og råd om etterleving av reglane i språklova finst på **språklov.no**.

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og rettleier offentlege organ om reglane i språklova.

språkrådet.no

Språkrådet 